



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Dato: 31.01.2017  
Vår ref.: 2017/230-2  
Saksbehandlar: heilars  
Dykkar ref.:

## **Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2017**

Viser til vedtak knytt til politisk handsaming av innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2017. Vedlagt er protokoll og saksfremlegg.

Heidi Bjønnes Larsen  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2017/230-1  
Saksbehandlar: Heidi Bjonnes Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	16/17	26.01.2017

## Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2017

### Samandrag

Grønt skifte, bioøkonomi og klimatilpassing bør vere sentrale tema for jordbruksforhandlingane i 2017. Det grønne skiftet står for døra og landbruket skal vere ein del av løysinga. Landbruket skal ut av fossil energi innan 2030. Endringar i klima kan gje rom for nye produksjonar, samstundes som det krev anna tilpassing enn tidligare. Hordaland er eit grasfylke med gode utmarksbeiter og godt grunnlag for mjølk- og kjøttproduksjon. God arealpleie og drenering er nødvendig for å sikre gode grovfôravlingar. For å komme i mål med lausdriftskravet 2034 utan at vi mistar drift av små og mellomstore gardar treng vi tilstrekkelig med investeringsmidlar.

Hordaland er det største fruktfylke i Norge. Næringa har hatt utfordringar med å dekke etterspurnaden i marknaden. Det er no ein ny giv innan fruktnæringa der det mellom anna blir skifta ut til nye sortar. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg med investeringsmidlar i ei tid med auka satsing. Det er viktig å sikre rekruttering av nye bønder. Hordaland fylkeskommune meiner at landbrukspolitikken i Noreg må tilpassast regionale forhold og ressursgrunnlag. Ein del av det grønne skiftet kan vere å effektivt utnytte sine lokale ressursar. Landbruk er ei stadbunden næring. Bonden sin kunnskap og kompetanse må nyttast som ein del av dei lokale ressursane. Mangfald og kombinasjonsbruk gjer eit meir robust landbruk fordi ein spreier risikoen på fleire produksjonar. Som følgje av den omfattande skogplantinga på 50-talet og utover står det no store volum skog hausteklart i Hordaland, utbygging av skogsvegar og tømmerkaier er ein føresetnad. I tillegg må det leggjast til rette for meir innovasjon og verdiskaping i verdikjedar knytt til tre. Nytenking, ny teknologi, FoU, meir innovasjon og kunnskaps- og kompetanseheving må til for å styrkje landbruket både i forhold til rekruttering, klimatilpassing, bidrag til det grønne skifte og konkurransekraft.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på kunnskap, kompetanse og andre tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i heile landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane forvaltast regionalt, for å målrette dei betre.

- 5 Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima, samt behovet for auka investering knytt til lausdriftskravet i 2034
- 6 Skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
- 7 Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
- 8 Fylkesutvalet meiner det er trong for forskning som er tilpassa regionale forhold og at regionane difor bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.
- 9 Fylkesutvalet meiner FoU knytt til grønne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggast til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar.
- 10 Fylkesutvalet anbefaler at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 6.  
Første setning endra til  
«Mykje av skogen på Vestlandet er hogstmogen

Siste setning,  
uttak av biomasse frå hogstmogen -skog»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på kunnskap, kompetanse og andre tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket.
2. Fylkesutvalet meiner at verkemidlane i landbrukspolitikken må vere tilpassa ulikt ressursgrunnlag og regionale forskjellar for å sikre drift i heile landet.
3. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på eit nasjonalt utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
4. Fylkesutvalet anbefaler at ein større del av avtalemidlane forvaltast regionalt, for å målrette dei betre.
5. Fylkesutvalet meiner at rammene for nyinvestering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima, samt behovet for auka investering knytt til lausdriftskravet i 2034.
6. Mykje av skogen på vestlandet er hogstmogen. Fylkesutvalet meiner at det bør leggjast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå hogstmogen skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.

7. Fylkesutvalet anbefaler å vidareutvikle bygdenæringane i Hordaland gjennom nyskaping og innovasjon.
8. Fylkesutvalet meiner det er trong for forskning som er tilpassa regionale forhold og at regionane difor bør få tilgang til forskingsmidlane som avsettas gjennom jordbruksavtalen.
9. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til grønne skifte og bioøkonomi bør intensiverast og at det bør leggst til rette for meir samarbeid på tvers av bransje og sektorar.
10. Fylkesutvalet anbefaler at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 09.01.2017

### BAKGRUNN

Landbruks- og matdepartementet inviterte i brev av 10.02.2016 Hordaland fylkeskommune til å kome med innspel til jordbruksforhandlingane 2017. Kvart år forhandlar Bondelaget og Norsk Bonde- og Småbrukar med staten om rammevilkåra for landbruket. Dei to bondeorganisasjonane opptre på vegne av alle norske bønder, og alle bønder får ta del i ordninga som blir avtalt. Jordbruksforhandlingane er regulert gjennom hovudavtalen for jordbruket. Fylkeskommunane fekk gjennom forvaltingsreforma 2010 eit større ansvar for landbruk. I dette ligg det mellom anna at fylkeskommunen skal gje uttale til jordbruksforhandlingane.

### Lokal prosess

Hordaland fylkeskommune har invitert Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Innovasjon Norge og Fylkesmannen si landbruksavdeling med i prosessen for å utarbeide innspel til jordbruksforhandlingane 2017.

### Styrker og utfordringar for landbruket i Hordaland

Landbruket i Hordaland har både styrker og utfordringar. Eit våtare klima er ei av utfordringane. Hordaland er eit fruktfylke som har stor kompetanse på fruktdyrking og gode avlingar. 2016 hadde ein kald sumar, men ein varm vår og haust noko som gav gode fruktavlingar. Grovfôr og mjølk er og viktige produksjonar i fylket. Den fine våren gav ein god fyrste slått. Nedbørsrekordar i juli og august gjorde at mange fekk ein dårleg andre slått Den fine hausten gav nokon ein brukbar tredje slått. Forholda ligg godt til rette for sauehold, med mykje utmark og lite rovdyr. Sauen vedlikehald kulturlandsskapet til glede for fastbuande og turistar. Hordalandslandbruket er kjenneteikna av mange små jordbruksbedrifter og skogeigedomar, sjølv om det har vore ei strukturending mot færre og større bruk dei siste åra. For jordbruket i Hordaland med fjordar, ferjer og småbruk, er det viktig at potten for fraktutjamning blir fylt på. Det er kamp om areal i Hordaland. Både i Bergensregionen og i distrikta er det behov og ønske om å sette av areal til næringsformål. Jordbruk er ei stadbunden næring og jordvern er særskilt viktig for å sikre matproduksjon. Nokon av utfordringane for landbruket i Hordaland er knytt til eigarskifte på garden. Ei anna utfordring er å sikre rett kompetanse til rett tid. Bøndene i Hordaland jobbar aktivt med å auke sin formelle kompetanse. Nettbasert agronom- og gartner utdanning for vaksne er særskilt ettertrakta i fylket. Ein stor by som Bergen gjer ein god marknad for lokale matprodukt. I 2015 blei Bergen medlem av UNESCO *creative city network* som gastronomiby. Her ligg det mange muligheter for landbruket i heile Hordaland.

### TILTAK SOM MÅ PRIORITERAS I JORDBRUKSFORHANDLINGANE

#### Kompetanse, rekruttering og generasjonsskifte

Det vil påverke landbruket sitt omdømme og attraktivitet positiv om landbruket blir assosiert med høgt kunnskapsnivå og gode moglegheiter for kompetanseutvikling.<sup>1</sup> Økonomi er eit anna viktig element for rekruttering. For å sikre rekruttering av ungdomen må garden sikre eit godt inntektsgrunnlag. Den må vere ein arbeidsplass med ny teknologi, som har godt arbeidsmiljø og som gjev rom for ferie og fritid. For å auke inntening og lønnsemd må ein optimalisere drifta, då er det avgjerande at bøndene er oppdaterte og har brei og god kompetanse. Dei fleste som tek over familiegarden eller går inn i jordbruket gjer det i vaksen alder. Mange av dei har anna utdanning frå før. Rett kompetanse er viktig for å drive garden miljøvennlig og lønsamt.

Ein avhandling frå NHH i 2013 undersøkte kva som gjorde at bønder med ganske likt utgangspunkt fekk ulike produksjonsresultat og ulike økonomiske resultat. Forskjellen var bøndene sjølv og korleis dei løysar problem. Avhandlinga synta at fagkompetanse, nettverk og motivasjon fremma ein annan type

---

<sup>1</sup> Økt rekruttering til landbruket. Mangfold og muligheter for framtiden. Rapport fra en arbeidsgruppe avgitt 27.januar 2016.

årsaksforklaring og proaktiv problemløysing og dermed betre drift.<sup>2</sup> Agronomane samla inn meir informasjon før dei tek ei avgjersle. Dei er meir på hogget og meir i forkant. Dei er meir opptekne av vegval og strategi for garden i åra framover. Avhandlinga syner at grovfôropptaket til dyra er høgare og dyra meir fruktbare på bruka til agronomane. Dei som har agronomutdanning får i snitt 43 øre per liter høgare inntening. For ein bonde med 200.000 liter i produksjon, som er litt over gjennomsnittet, utgjer det 86.000 kroner meir i inntekt.<sup>3</sup> God agronomi som innebærer høg avling og god utnytting av næringsstoffer i jord vil generelt føre til lavere utslipp av klimagassar per produsert mengde mat<sup>4</sup>.

Det vil då vera naudsynt at tilbydarane av kompetanse legg til rette for at dei nye bøndene blir møtt på sine premisser. Dei nye bøndene treng ofte utdanning på vidaregåandeskule nivå og/eller kurs, fortrinnsvis nett- og samlingsbasert utdanning slik at det kan kombinerast med drift av garden og anna arbeid. Både Stend og Hjeltnes er vidaregåande skular har no jordbruksrelaterte tilbod til vaksne. Hordaland fylkeskommune har klart å få til eit spleiselag for finansieringa. Stend tilbyr eit nett- og samlingsbasert agronomkurs over to år, medan Hjeltnes tilbyr det same innan gartnarfaget. Begge tilboda har større etterspurnad enn tilbod og kvart år er det søkarar som ikkje får plass. Hjeltnes er einaste skulen i landet som tilbyr gartnar utdanning for vaksne der ein har fordjuping innanfor frukt. Agronom og gartnar utdanning for vaksne bør sikrast føreseieleg finansiering. Det bør vurderast om vaksne som tek over ein gard skal få vaksenrett for å ta jordbruksrelatert utdanning sjølv om dei har utdanning frå før.

Ungt entreprenørskap og Landbruks og matdepartementet samarbeider i dag om Gastronomiprisen som delast til kreativ ungdom med nye matprodukt. Ungt entreprenørskap bør i endå større grad inkluderast inn i landbruksutdanning.

Generasjonsskifte er ein kritisk faktor for mange gardsbruk og det er mange utfordringar knytt til å sikra rekruttering. Den framtidige bonden er ikkje nødvendigvis oppvaksen på garden eller i lokalmiljøet. Lettare omsetning av småbruk kan få inn ressurspersonar som styrker busetting og bidrar til å skape nye næringer knytt til landbruket. I 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017' blir det foreslege ein tre-ledda strategi, «sluttpakker» for senior, «startpakker» for den unge bonden og tiltak som gjer prosessen omkring eigarskiftet smidigare. Sluttpakkene skal legge til rette for at senior sin kompetanse vert verdsatt og brukt. Startpakkene skal gje den unge bonden relevant kunnskap og meir fritid.

### **Klima, grønt skifte og bioøkonomi**

Klima utfordringane krev omstilling til eit samfunn kor vekst og utvikling skjer innafør naturen si tole grense. Grønt skifte er omlegginga frå ein fossilt driven økonomi, til eit grøntare og meir klimavenleg system. Eit slikt skifte byr på nye moglegheiter for verdiskaping. Bioøkonomi er ein del av det grøne skiftet. Bioøkonomi er eit omgrep som kan forståast på fleire måtar. Ei forståing av omgrepet er at bioøkonomi er ein bærekraftig, effektiv og lønnsam produksjon, uttak og utnytting av fornybare biologiske ressursar til mat, fôr, ingrediensar, helseprodukt, energi, materialar, kjemikaliar, papir, tekstiler og andre produkt<sup>5</sup>. Bruk av teknologiar som bioteknologi, nanoteknologi og IKT er i tillegg til konvensjonelle disiplinær som kjemi, sentralt for utviklinga innanfor ein moderne bioøkonomi<sup>6</sup>. Kunnskap om fotosyntese, planter, fisk, dyr og anna liv og vekst både i hav og på land er noko av det vi treng for å lykkast med bioøkonomien. Norge har satt mål om å bli klimanøytral innan 2050. Landbruket skal være fossilfrie 2030. Produksjon av mat blir sannsynlegvis ikkje bli klimanøytralt. Men landbruket ynskjer å bidra til at reduserer CO2 fotavtrykket så

<sup>2</sup> HANSEN, B. G. *Problem solving in dairy farming*. 2013. PhD Thesis. PhD thesis. Norwegian School of Economics. Bergen.

<sup>3</sup> Ase, B.B (2016), Bønder med landbruksutdanning har betre inntening, i Nationen nettutgave <http://goo.gl/U7ieLw>, Publisert 01.02.2016, nedlasting 12.08.2016.

<sup>4</sup> Grønlund, A. (2015) Kalkulator for klimagassutslipp fra jordbruket, Dokumentasjon til et beregningsprogram, Vol.: [1], nr.:14, NIBIO rapport

<sup>5</sup> Kjente ressurser – uante muligheter Regjeringens bioøkonomistrategi (2016)

<sup>6</sup> Kjente ressurser – uante muligheter Regjeringens bioøkonomistrategi (2016)

mykje som råd er innanfor matproduksjon. Auka tilgang til risikokapital er sentralt for å maksimere teknologidreven verdiskaping i landbruket. Klima utfordringane er globale, men mange av løysningane må kome lokalt. Samfunnet må bytte fossil energi med fornybar energi. Grønt skifte må skje ut frå areala og ressursane ein har til rådighet. Garden og bonden er ein ressurs. Ikkje berre knytt til mat, men og til energi og andre innovasjonar. Her må landbruket og bøndene mobiliserast til å bidra. Det er viktig at ikkje bonden blir fråkopla frå areala. Klima endrar seg og blir varmare og våtare. Landbruket må tilpasse seg desse endringane. Varmare klima kan opne for nye produksjonar i Norge. Våtare klima gjer at det er behov for meir midlar til grøfing og jordbearbeiding. I dag er det standard satsar for dreneringstilskot Tilskottet er lite målretta for vår region Tilskottsatsane er så låge i forhold til kostnaden ved slike tiltak, at tilskottet truleg ikkje bidreg til ekstra aktivitet i Hordaland. Systematisk drenering under våre tilhøve vil gjerne koste mellom 8-11.000 kroner/daa, slik at tilskottet utgjer kunn om lag 10 prosent av kostnaden. Det er behov for satsar som dekker meir av kostnadene ved drenering i regionar som har mykje nedbør. Det bør vurderast regionale tilpassingar for denne ordninga.

Skogen og bruk av tre i bygningar spelar ei viktig rolle i møte med klimaendringar. Forsking og innovasjon kan legge til rette for at karbon frå skog delvis erstattar hydrokarbon frå olje og gass. Gjennom fotosyntensen binder skogen Co2 og trebygningar fungerer som lagringsplass for Co2. Avfall i frå skog- og trenæring kan nyttast til biogass og biodiesel Strategisk planting av tenelege artar på rett plass kan og bidra til å binde jord og hindre ras og flom.

### **Grovfôr og Mjøl/Storfe**

God lønsemd i mjølke- og storfekjøttproduksjonen vert oftast oppnådd når driftseiningane produserer mykje grovfôr av god kvalitet. Auke i produksjon av mjølke og kjøtt heng tett saman med kostandseffektiv grovfôrproduksjon med god kvalitet og høg arealproduktivitet. Føresetnadene for jordbruksdrift varierer både mellom og innanfor regionar i Noreg. For landbruket i Hordaland sin del er det viktig å behalde produksjonsfordelinga mellom landsdelane, omtala som kanaliseringspolitikken. For å bidra til lønnsam produksjon og inntektsutjamning og aktivt landbruk i alle deler av landet er fleire av dei økonomisk viktige tilskotsordningane differensiert geografisk, etter bruksstørrelse, eller begge deler. Differensieringa er gjort med grunnlag i eigenskapar ved jordbruket sjølv og i næringsmiddelindustrien. Soneinndelinga i dei geografisk differensierte ordningane er difor annleis enn dei som ofte leggst til grunn i distrikts- og regionalpolitikken generelt. Landet er delt inn i sju sonar. Der sone ein, er dei beste kornområda i landet, mens sone sju er dei mest marginale områda i Nord-Noreg. For å betre kunne stimulere til bruk av lokale ressursar innan landbruket på Vestlandet burde det ha vore ein eigen tilskotssone som strekkjer seg frå Romsdalsfjorden i nord til Boknafjorden i sør. Dette området er prega av små og mellomstore bruk som treng eit løft. Utfordringane og mulegheitene varierer sterkt frå stad til stad og frå produksjon til produksjon. Ulik størrelse på driftseiningane, ulike grader av driftsvanskar, små og oppdelte areal, varierende brattleik, temperatur og lengde på vekstsesongen og avstand til mottaksanlegg bidrar til variasjon i inntektsmulegheitene. Produktiviteten per areal må aukast. Vedlikehald av areal i form av drenering og areal pleie vil bidra til dette.

Mjølke er det viktigaste husdyrproduktet i Hordaland. Det er mjølkeproduksjon i 30 av 33 kommunar i Hordaland, men 54% vert produsert i dei fire store mjølkekommunane Voss, Kvinnherad, Etne og Kvam. Mjølkekvoten for Hordaland i 2016 var omtrent 85 millionar liter. Omtrent 75 millionar liter blei levert i 2016. Hordaland har potensiale til å betre oppfylle mjølkekvota. Hordaland har små brukseiningar samanlikna med andre fylke og kan ikkje ta ut stordriftsfordelar. Det må leggst til rette for at ein kan overleve som mjølkeprodusent også i mindre målestokk.

St.meld. nr. 12 (2002-2003) 'Dyrehold og dyrevelferd' blei vedteke av stortinget i 2003. Eit av tiltaka i stortingsmeldinga er «Løsdrift for alt storfe innan 20 år, forbud mot bygging av bås fjøs fra 2004.» Lausdriftskravet gjeld all drift knytt til storfe. Lausdriftskravet er utsatt frå 2024 til 2034. Presset er like stort som det var, sjølv om det er gitt eit ekstra tiår. Det er 581 hentepunkt for mjølke i Hordaland, 475 av desse er bås fjøs. Som døme er det i Lindås kommune 29 mjølkeprodusentar, 3 av desse er lausdriftsfjøs. I Radøy kommune er der 24 mjølkeprodusentar, 5 av desse er lausdriftsfjøs. Skal heile mjølkeproduksjonen vidareførast i lausdriftsfjøs, må det byggast kapasitet for nærare 50 mill liter mjølke. Det blir nær 310 nye fjøs

med dagens gjennomsnittskvote på 150.000 liter. I fylgje Innovasjon Norge vil det krevje minst 650 mill kr. I 2016 finansierte Innovasjon Norge omlegging frå bås til lausdrift på 17 mjølkebruk i Hordaland. Dette tilsvarar 5,6 millionar liter mjølk. Ofte krev lønsemd god nok til å gi tilskott for nybygg produksjonsauke. Med produksjonsauke fylgjer ofte omliggande kostnader, slik som meir og lang transport, auka import av fôr, vanskar med å oppfylle beite/luftekrav, kamp om dei beste areala noko som i fleire høve gjer at gardar vert lagt ned eller avventar nybygg. Våre driftstilhøve med krevjande topografi, avgrensa jordveg og utfordrande klima, gjer at mange bruk ikkje har høve til å auke produksjonen dersom dei skal drive i samsvar med ressursgrunnlaget. For å sikre at og dei små og mellomstore produsentane blir med vidare må offentlege midlar sjåast i samanheng og tilstrekkeleg med investeringsmidlar må stillast til disposisjon.

## Frukt

Hordaland er det største fruktfylket i landet, målt i areal og avling. Regionen har lange tradisjonar for fruktdyrking. Klimaet og naturgrunnlaget i Hardanger er godt eigna til fruktdyrking. Epleproduksjon er viktigast, etterfølgd av morellar, plommer og pærer. Plomme og morellar er viktige, men sårbare produksjonar. Sjølv om dyrka fruktareal har gått ned har effektivten auka slik at dei totale avlingane er stabile. Hordaland er en sterk region på frukt og bær, med eit godt fagmiljø og moderne fruktlager. Det bør satsast på å ytterligare styrka kompetanse i fylke knytt til frukt og bær produksjon. Det er gjort omfattande investeringar i næringa i form av utskifting av trær og oppgradering av drifta. I dag er etterspurnaden etter norske eple i marknaden større enn tilbodet. Meir merksemd på lokal/tradisjonsrik mat gjer og at etterspurnaden etter til dømes lokalprodusert juice og sider er aukande. Det er rom for å dyrka meir pære gjennom å lansere nye sorter og skifta ut trea og det er behov for å styrke epleproduksjonen med større vekt på saft og sider. Dette gjev seg utslag i auka optimisme og rekruttering til næringa. Den norske fruktproduksjonen dekkjer ikkje den norske frukt konsummarknaden, her er det naudsynt å utvide produksjon for å auke andelen av marknaden både innanfor konvensjonell- og økologisk produksjon. Det er et behov for meir økologisk konsumfrukt og -bær i Norge, for å unngå at økologisk importfrukt og -bær fyller alle hyllene i framtida (i norsk sesong). Her er det trong for endå større innsats. Generell økologisering av drift er positivt. Hardangerfrukt er viktig for driv i fruktnæringa i Norge. Ny giv i næringa det er viktig å sørgje for at det er tilstrekkelig med investeringsmidlar. I Hardanger som er den største fruktregionen i Hordaland reknar dei at det er trong for fornying av 5 % areal per år (393 da) for å halde og auke produksjonen av frukt. Dette gjeld produksjonane eple, plommer, morellar og pærer. Norsk fruktrådgiving i Hardanger har estimert kostnaden til å vere 26,65 millionar per år.

## Sauenæring

Over 70% av jordbruksbedriftene i Hordaland har sauehald. Ikkje i nokon andre fylker er det ein så stor del av jordbruksbedriftene som har sauer. Ein har teke i bruk ny teknologi for å gjere sauehaldet meir rasjonelt. Dette har gjort sauehald meir tilpassa ei verkelegheit med deltidbønder. Samstundes er sauenæringa den næringa som best nyttar dei lokale beiteressursane, og i tillegg er ein viktig landskapspleiar. Hordaland har store beiteressursar og den føremonen at tap av dyr til rovdyr på beite er små. Ulike kjøttprodukt frå sau og lam er ettertrakta bør vere tilgjengeleg for forbrukar i butikkane i heile året. Organisert beitebruk er ein føresetnad for å lukkast med å utvikle sauenæringa. Eit godt utbygd mobilnettverk i fjellet er ein viktig faktor for å lukkast med beiting i fjellet. Etter mange år med motgang er den norske ulla på vei inn igjen i den norske marknaden. Det bør derfor leggest til rette for auka bruk av norsk ull. Ull er ei spennasne resurs både for tradisjonell bruk og som ressurs for nye innovasjonar.

## Utnytte potensialet innan bygdenæring

Det er ein veksande marknad for produkt med unike kvalitetar. Det bør leggest til rette for at å utnytte desse moglegheitene innanfor matproduksjon og reiseliv. Kunnskap, kvalitet og samarbeid er viktig for å lukkast med utvikling innan bygdenæringane. 'Inn på tunet' er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Dei viktigaste brukarane av 'Inn på tunet' tenester er, barn og unge, menneske med rusproblem, funksjonshemma og eldre. Aktiviteten innanfor 'Inn på tunet' skal gi mestring, utvikling og trivsel. Tenestene er knytt til garden, livet og arbeidet der. Det er per i dag 36 godkjende 'Inn på tunet'



tilbydarar i Hordaland Per i dag er det ei utfordring å få langvarige avtaler med det offentlige. Brukarar kan gå glipp at eit godt kvalitetsikra tilbod og kvardagen til tilbyder er mindre føreseieleg. Det blir vanskelegare for tilbydar å forbetre tilbodet sitt.

### **Nyinvestering i landbruket i Hordaland**

Store delar av driftsapparatet innan det norske landbruket har behov for fornying. Etterspurnaden etter tilskot og lån frå Innovasjon Noreg til landbruket har vore stor dei siste åra. Det er viktig å legge til rette for alle dei bøndene som ynskjer å investere. Offentleg medfinansiering kan vere utslagsgivande når alternativa er investering eller nedlegging. Tiltak som reduserer kapitalkostnadane er heilt avgjerande for landbruksnæringa si framtid. Utvikling og nyinvestering er naudsynt når ein ny generasjon bønder tek over. Unge bønder bør få høgare støttesats. Grunna endra klima trengst det investeringar i større gjødsellager på mange gardar. Våtare klima gjer at ein ikkje kan spreie husdyrgjødsel når det høver best og ein treng derfor større lagringskapasitet. Fruktsektoren har behov for nye investeringar til infrastruktur og nye tre. Laudriftskravet som trer i kraft i 2034 krev ei auke i investeringstakten for dei mange som nå driv bås fjøs.

### **Landbruket –leverandør av mat og fellesgodar**

Landbruk er ei stadbunden næring og Hordaland har framleis eit kulturlandskap med internasjonalt unike kvalitetar, men utviklinga mot færre og større bruk gjer at mykje tungdrive areal går ut av bruk og eit levande landskap og eit småskala landbruk er viktig for anna næringsutvikling. Landbruket sjølv kan levere fleire og betre tenester og produkt saman med reiselivsnæringa, men ansvaret for kulissane kan ikkje leggast på stadig færre aktive bønder. Det betyr at bonden må få betre betalt for å sleppe sauane sine på utmarksbeite for å pleie kulturlandskapet. Kulturlandskap må bli eit produkt frå landbruket på line med mjølk og kjøt. Landbruket er grunnlag for næringsmiddelindustrien og anna næring. Samarbeidet mellom blå og grøn sektor kan bidra positivt til det grønne skiftet og til nye innovasjonar gitt gode vilkår knytt til FoU. I Hordaland er Matarena A/S etablert med eigarar både frå blå og grøn sektor.

### **Vestlandsskogen er no hogstmogen**

Som følge av den omfattande skogplantinga på 50-talet og utover står det no store volum skog hausteklart i Hordaland. Fylket har mange skogeigedomar (landbrukseigedom med minst 25 dekar produktivt skogareal) i landsmålestokk, Hordaland er på fjerde plass etter dei store skogfylka. Omtrent 60% av skogeigedomane i fylket driv med både jord og skog. Sjølv om skogeigedomane i fylket er blant dei minste i landet, vekst det produktive skogarealet i Hordaland meir enn i dei fleste andre fylka. Skogavverkinga har òg hatt ein monaleg vekst dei 10 siste åra. Det bør leggast til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog. Dette krev ein god infrastruktur, både med omsyn til eit tenleg vegnett og til utskipingsplassar for tømmer. Samtidig som ein tek ut den mogne skogen må det sørgjast for nyplanting. Det må plantast lønsamt, miljøvenleg og klimavenleg. Dagens vestlandsskogbruk er basert på volumproduksjon av gran. Det kan bli auka verdiskaping i skogbruket om fleire treslag og anna sortiment blir vurdert. Ein ny eigeomsforvaltning kan og gje stordriftsfordeler. Ein nasjonal skogeiger politikk bør etterstevas. Det er viktig å legge til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for tre. Kystskogbruket har mål om 4-dobling av verdi innan 2045. Skogen og biomasse frå skogen har ei sentral rolle i bioøkonomien og det grønne skiftet. Veldig mykje av det som i dag produserast av olje vil kunne produserast av biomasse frå skogen, men ein treng meir forskning for å sikre økonomiske produksjonar og god produktutvikling.

### **Vurdering**

Skal Norge som nasjon og Hordaland som region være førebudd på det grønne skifte, nytte moglegheitene som ligg i bioøkonomien og produsere mat, må vi ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse innanfor biologiske produksjonar og tilhørande fagfelt. Vi treng forskarar, lærarar, veterinær med kompetanse på produksjonsdyr og bønder for å nemne nokon. Jordbruk er ei stadbunden næring. Hordaland har mange små gardar og har ikkje dei naturgjevne føresetnadane til å rasjonalisere til færre og større einingar. Hordaland har store unyttta beiteressursar somkan utnyttast betre. Fylkesrådmannen meiner det er naudsynt at landbrukspolitikken i Norge blir meir differensiert slik at fylke som til dømes Hordaland får meir uttelling for sine naturgjevne ressursar som beiteressursane utmarka er eit døme på. Dette vil gagne

matproduksjonen både i eit lokalt, men også globalt perspektiv. I tillegg vil det få ein positiv effekt i høve til å oppretthalde jordbrukets kulturlandskap som grunnlag for ei attraktiv reiselivsnæring. Frukt frå Hardanger er ei etterspurd merkevare, som er med å løfte fram all norskprodusert frukt. Norsk frukt er kjend for god kvalitet og god smak. Det er i dag større etterspørsel enn tilbod på norsk frukt, derfor må det satsast enda meir på fruktdyrking i Hordaland. god og rett kompetanse. Landbruk er ei næring tilstade i alle kommunar i Hordland. Fylkesrådmannane ynskjer mest mulig produksjon basert på lokale ressursar. Fylkesrådmannen ynskjer auke i fruktproduksjon og at det blir lagt til rette for innovasjonar, kunnskap , forskning og kompetanse som kan bidra til å nå dette målet. Våren 2014 vedtok fylkestinget i Hordaland 'Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017'. Meldinga tek opp i seg 'Regionalt bygdeutviklingsprogram Hordaland 2013-2017'. Målet med meldinga er å styrke rekrutteringa til gardane i Hordland, samt auke produksjon og lønsemd.